



## Referat frå samling i Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap

Oslo 10.-12. juni 2009



## TILSTADES:

	NAMN	INSTITUSJON		10.	11.	12.
1	Anstensrud, Gard	Norsk Folkemuseum, Bygdø Kongsgård	Museumsveien 10, 0287 Oslo. TLF: 22 12 37 00	x		
2	Chioko, George	Norsk Folkemuseum, Bygdø Kongsgård	Museumsveien 10, 0287 Oslo. TLF: 22 12 37 00	x	x	x
2	Hovland, Helge	Norsk Folkemuseum, Bygdø Kongsgård	Museumsveien 10, 0287 Oslo. TLF: 22 12 37 00	x		
4	Sunde, Stein	Norsk Folkemuseum, Bygdø Kongsgård	Museumsveien 10, 0287 Oslo. TLF: 22 12 37 00	x	x	
5	Sørsdal, Jan Tore	Norsk Folkemuseum, Bygdø Kongsgård	Museumsveien 10, 0287 Oslo. TLF: 22 12 37 00	x	x	x
6	Løkken, Ida	Norsk Folkemuseum, Bygdø Kongsgård	Museumsveien 10, 0287 Oslo. TLF: 22 12 37 00	x		
7	Valaker, Ole-Magnar	Norsk Folkemuseum, Bygdø Kongsgård	Museumsveien 10, 0287 Oslo. TLF: 22 12 37 00	x	x	x
8	Rød, Helle	Norsk Folkemuseum, Bygdø Kongsgård	Museumsveien 10, 0287 Oslo. TLF: 22 12 37 00	x	x	x
9	Mørch, Monica	Norsk Folkemuseum	Museumsveien 10, 0287 Oslo. TLF: 22 12 37 00	x		x
10	Austad, Knut G.	Jærmuseet	Vitengarden Jærmuseet Kviategen 99, 4365 Nærbø Tlf.: 51 79 94 20	x	x	x
11	Ausel, Torkil	Næs jernverksmuseum	Næs Jernverksmuseum Nes Verk, 4900 Tvedstrand Tlf.: 37 16 05 00	x	x	
12	Bjureke, Kristina	Naturhistorisk museum UiO	Naturhistorisk museum Universitetet i Oslo Sars gate 1 0562 Oslo Tlf: 22 85 50 50	x	x	x
13	Aarvoll, Liv	Naturhistorisk museum UiO	Naturhistorisk museum Universitetet i Oslo Sars gate 1 0562 Oslo Tlf: 22 85 50 50	x	x	x
14	Myrland, Nina	Naturhistorisk museum UiO	Naturhistorisk museum Universitetet i Oslo Sars gate 1 0562 Oslo Tlf: 22 85 50 50		x	
15	Byrkjeland, Liv	Musea i Sogn og Fjordane	De Heibergske Samlinger – Sogn Folgemuseum Vestreim 6854 Kaupanger Tlf. 99 26 76 70	x	x	x
16	Hauge, Leif	Høgskulen i Sogn og Fjordane	Høgskulen i Sogn og Fjordane Fossvegen 6, 6856 Sogndal Tlf.: 57 67 60 00	x	x	x
17	Vestreim, Judith	Musea i Sogn og Fjordane	De Heibergske Samlinger – Sogn Folgemuseum Vestreim 6854 Kaupanger Tlf. 57 67 82 06		x	x
18	Espeland, Birgitte	Bogstad Gård	Bogstad Gård Sørkedalen 826, 0758 Oslo Tlf. 22 06 52 00	x	x	x
19	Espeland, Else	Bogstad Gård	Bogstad Gård Sørkedalen 826, 0758 Oslo Tlf. 22 06 52 00	x	x	
20	Calmeyer,	Valdresmusea AS	Valdresmusea AS	x	x	x

	Fredrik		Tyinvegen 27, 2900 Fagernes Tlf.:61 35 99 00			
21	Eggen, Mette	Riksantikvaren	Riksantikvaren Dronningens gate 13, 0152 Oslo Tlf: 22 94 04 00	x		
22	Hoseth, Stig	Norsk Skogmuseum	Norsk Skogmuseum Solørvegen 151, 2407 Elverum Tlf.: 62 40 90 00	x	x	x
23	Haraldsen, Tom H. Borse	Mjøsmuseet AS	Mjøsmuseet 2858 Kapp Tlf.: 61 16 95 00	x	x	x
24	Johansen, Cecilie	Varanger museum/Vadsø museum – Ruija kvenmuseum	Varanger museum IKS, avd. Vadsø museum - Ruija kvenmuseum Hivistendahlsgate 31 9800 Vadsø Tlf 78 94 28 90	x	x	x
25	Jørgensen, Karsten	Universitetet for miljø og biovitenskap	Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB) Universitetstunet 3, 1430 Ås Tlf.:64 96 50 00	x		
26	Monstad, Kjetil	Havråtunet	Havråtunet Stiftinga Havre, 5286 Haus Tlf.: 56 39 02 90	x	x	x
27	Mostrøm, Tove	Havråtunet	Havråtunet Stiftinga Havre, 5286 Haus Tlf.: 56 39 02 90	x	x	x
28	Mølmen, Bjørn	Maihaugen	Maihaugen Maihaugvegen 1, 2609 Lillehammer Tlf.: 61 28 89 00	x	x	x
29	Nystu, Even	Trøndelag Folkemuseum	Sverresborg Trøndelag Folkemuseum Sverresborg alle 13, 7020 Trondheim Tlf: 73 89 01 00	x	x	x
30	Spjelkavik, Sigmund	Agder naturmuseum og botaniske hage	Agder Naturmuseum og Botanisk Hage IKS Gimleveien 23, 4630 Kristiansand Tlf: 38 09 23 88	x		x
31	Lie, Asbjørn	Agder naturmuseum og botaniske hage	Agder Naturmuseum og Botanisk Hage IKS Gimleveien 23, 4630 Kristiansand Tlf: 38 09 23 88		x	
32	Strand, Karl	Universitetet i Oslo	Universitetet i Oslo Teknisk avdeling Telefon 22 85 68 79	x	x	x
33	Vaaje, Jan	Statsbygg (eigedomsforvalter Bygdøy Kongsgård)	Biskop Gunnerus' gate 6 Byporten, 0155 Oslo	x		
34	Stølen, Vivian	Norsk hagebruksmuseum	Norsk Hagebruks Museum Dømmesmoen, 4885 Grimstad Tlf.: 37 04 93 20	x	x	x
35	Viken, Brynhild	MuseetMidt Namdalsmuseet	Namdalsmuseet Kjærlighetsstien 1, 7800 Namsos Tlf: 74 27 40 72	x	x	x

**Velkomen til Bygdøy**

v/avdelingsleiar for landbruk Jan Tore Sørsdal

**Innlegg om Norsk Folkemuseum:**

**Kongsgården i dag** v/Jan Tore Sørsdal  
Informasjon om bakgrunn, overtaking og drift av Kongsgården, sjå vedlegg 1.

**Bygdø Kongsgård sin historie**

v/prosjektleiar Monica Mørch - Norsk Folkemuseum. Kjeldegransking og restaurering av Folkeparken, sjå vedlegg 2.

**Landskapsplan for Bygdø Kongsgård**

v/Professor Karsten Jørgensen, Universitetet for Miljø og Biovitenskap. Interessekonfliktar, planleggingsprosess, kartlegging av naturhistoriske og kulturhistoriske interesser, langsiktig plan for bruk og vern av området, sjå vedlegg 3. Artikkelen *Folkepark og kongsgård* av Karsten Jørgensen og Bjørn Anders Fredriksen (Arkitektur 06/2008) vart delt ut til seminardeltakarane.

**Kulturmiljøfreding** v/Mette Eggen, seniorkonsulent Riksantikvaren. Samspel mellom ulike lovverk, fredingsprosess, sjå vedlegg 4.

**Kort omvisning i friluftsmuseet på Norsk Folkemuseum** v/ Konservator Kari Bjørg Vold Halvorsen. Vandring fra Oscar II samlingar, gjennom tun frå ulike landsdelar til Trøndelagstunet (figur 1).



*Figur 1. Konservator Kari Bjørg Vold Halvorsen viser rundt på friluftsmuseet til Norsk Folkemuseum. Her er vi i Numedalstunet.*

**Omvising på Bygdø Kongsgård og Folkeparken** v/Jan Tore Sørsdal, Monica Mørch, Mette Eggen og Karsten Jørgensen (figur 2). Tur gjennom kulturlandskapet til Kongsgården med stopp på sentrale historiske stader i Folkeparken, bl.a. Rohdeløkken, Dronningberget og Sæterhytten. Informasjon om historie, restaurering og skjøtsel. Vandringa vart avslutta med informasjon om drifta på gardsanlegget til Bygdø Kongsgård.



*Figur 2. Karsten Jørgensen fortel om restaureringa av Grev Wedel monumentet på Dronningberget.*

**Nye samfunnsoppgåver for musea**  
Bildespel v/Liv Byrkjeland

**Presentasjon av Utvalde kulturlandskap**  
v/Leif Hauge. Kort gjennomgang av kva lokalitetar som har vorte plukka ut som Utvalde kulturlandskap i Noreg i første runde, sjå vedlegg 4.

**Norgesgården – klar for hovudprosjektet?** v/Leif Hauge.  
Gjennomgang av status for forprosjektet og tankar om hovudprosjektet, sjå vedlegg 5.

**Workshop – vidare utvikling av Kulturlandskapsnettverket**  
Deltakarane vart delt inn i 5 grupper der dei arbeidde med fylgjande spørsmål som vart delt ut på førehand:

1. *Nye oppgåver for musea i kulturlandskapsarbeidet?*
2. *Bør Kulturlandskapsnettverket styrke sekretariatet. Korleis?*
3. *Bør Kulturlandskapsnettverket arrangere kompetansehevingskurs?*
4. *Norgesgården – eit prosjekt for fleire? Vurder om dette kan vere eit prosjekt for ditt museum. Kom med forlag på kva museum som bør vere med i prosjektet:*
  - a) *Presisering av felles problemstilling og dei viktigaste spørsmåla vi ynskjer å stille:*
  - b) *Presisering av målsetjing: Organisering, Prosjektleiar? Workshops med presentasjonar og møter (antall):*
  - c) *Korleis ynskjer vi å presentere det avsluttande arbeidet vårt (kart, rapporter, ein for kvar museumsgard, ein felles?)*
5. *Kvar bør neste samling i kulturlandskapsnettverket vere? Når, og kva tema?*

**Svar frå guppearbeidet:**

**1. Nye oppgåver for musea i kulturlandskapsarbeidet?**

- Det er sjølv sagt at kulturlandskap blir ei oppgåve for musea.
- Nettverket bør bli ein pådrivar for at musea som er med i Kulturlandskapsnettverket utarbeidar retningslinjer for kulturlandskapspleie på sine eigne museum. Problemstillingar kan vere veksleverknad slått/beitedyr (tal), kva tidsperiode skal leggjast til grunn. Nettverket vil såleis få tilgang på meir dokumentasjon i det vidare arbeidet.
- Auka fokus på nettsidene - utvikle oversik over kompetanse
- Musea kan skape forutsigbarhet for langsiktig skjøtsel
- Musea manglar overordna retningslinjer for skjøtsel, drift, bruk av kulturlandskapet.
- Nokon må ha levande handverkarar, kunnskaps nav, handverksnettverk?
- Norsk Folkemuseum er føregangsmuseum når det gjeld vern av kulturlandskap. NFM kan vere ein verkstad for utprøving for vern, økologisk drift.
- Kulturlandskap er ikkje forankra i eksisterande museumsordning.
- Plan for vedlikehald av kunnskapen
- Revitalisering av friluftsmusea – meir husdyr (lukte, høyre, kjenne) og levande handverksmiljø
- Ei viktig oppgåve for musea å synleggjera kva som er i ferd med å forsvinna, og gjera folk merksame på kva som er kulturlandskap (t.d. Folkeparken, utslårter osv).
- Viktig at musea set på dokumentasjon på korleis kulturlandskapstypane såg ut, kva

- dei inneheldt og korleis dei vart skapt og haldne ved like.
- Musea bør gå ut og drive ned rådgjeving både til forvaltinga og private, dvs selje konsulenttenester.
- Musea bør vere staden å venda seg til dersom ein ynskjer å byggja opp eller gjenskapa ein hage eller kulturlandskapstype.
- Det er viktig at kulturlandskap vert defineraast som ei oppgåve for musea.
- Kulturlandskapsnettverket bør kome med innspel til museumsplanar o.l.
- Museumsskjøtsel og driftsoppgåver må ha ei fagleg forankring. Økologisk drift vil vere naturleg for ein museumsgard.

## **2. Bør Kulturlandskapsnettverket styrke sekretariatet. Korleis?**

- Ein må ha økonomiske midlar for å driva eir nettverk med ambisjonar. Nettverket femnar om mykje fagkunnskap, både teoretisk og praktisk. Difor er det ikkje unaturleg å innføre ein definert kontingent slik at sekretariatet får tilført midlar. I tillegg kan ein selja tenester.
- Ja. Legge inn pengar til felles arbeid for nettverket i nettverkssøknader, t.d til utvikling av nettsidene.
- Lage kjerne/arbeidsgruppe mellom medlemmene og sekretariatet.
- Kan knyte styrking av sekretariat opp til prosjekt.
- Sekretariatet kan vere senter for satellittar som jobbar med ulike oppgåver innanfor nettverket.
- Auka aktivitet – større sekretariat.
- Nettverket er nøydd til å ha ein kjerne.
- Museumsbøndene treng eit sekretariat som kan organisere samarbeid og aktivitet.

- Viktig å få i gang prosjekt med stor deltaking.
- Profesjonelt sekretariat med støttefunksjonar og prosjektleiing treng ressursar.

## **3. Bør Kulturlandskapsnettverket arrangere kompetansehevingskurs?**

- Behov for praktiske kurs i kulturlandskapskjøtsel
- Gamle gjerdeteknikkar
- Steinmuring
- Gjengroing/roundup – hogging
- Beskjering av gamle frukttrær
- Kompetansegevande kurs
- NFM kan koble sine kontaktar på UMB som har kompetanse på planlegging til andre i nettverket.
- Kurs om handtering av hest.
- Tematiske undergrupper som møtest og diskuterar meir inngående sine særinteresser og felles problemstillingar.
- Kulturlandskapspleie/kulturmiljø. Tilby kurspakkar internt og eksternt ut mot kommunar, bondelag o.l. Få fram samanhengen mellom teori og praktisk utøving.
- Kurs i bruk av dyr på museum.
- Ja, både eksterne og interne kurs.
- Kurs om historiske planter i kulturlandskapet. Korleis lage tidsrette kulturlandskap. Oppbygging av gartnarkompetanse og artshistorisk kunnskap.
- Kurs i rett reiskapsbruk og effektivisering.

## **4. Forslag til nye museum som bør vere med i Norgesgårdprosjektet:**

- Setesdalmuseet
- Norsk folkemuseum – Valdresgården
- Ein samisk gard burde vore med
- Sikre at det vert eit museum med frå kvart dalføre

Det vart for lita tid til å svare på dei andre spørsmåla om Norgesgården i gruppearbeidet. Det kom nokre innspel:

- Vise helskapleg driftsform og næringsgrunnlag på eit typisk bruk: Landskapsbehandling, reiskapsbruk, setring (stølsdrift), bruk av hagemark og gårdsskog.
- Det er viktig med ein prosjektleiar som kjem med tidsfristar og held prosjektet i gang.
- Det avsluttande arbeidet kan presenterast på ein nettstad og i ei bok.

### **5. Kvar bør neste samling i kulturlandskapsnettverket vere? Når, og kva tema?**

1. Namndalsmuseet MuseetMidtIKS Sør-Gjæslingen fekk 15 stemmer og blir vert for neste samling.  
Innspel til tema: Skjøtsel av gjengroingslandskap, opplevingsnærings, kystkulturlandskap, kystlynghei, slåttemark, plantearven,

Ei gruppe meinte me burde utvida samlinga med ein dag i forkant då det kunne arrangerast eit praktisk kurs. Andre meinte at vertsmuseet bør velje tema.

Tidspunkt: august (nokre meinar 10-15, andre rundt 15., nokre 20-25 og nokre i aug/sept).

1. Agder Naturmuseum og botaniske hage fekk og mange stemmer. Her kom det forslag om tema: Skjøtsel av kyskulturlandskap og verneområde, fyrhagar, planter på museum.
2. Det kom og forslag om utanlandstur til Sverige og Danmark med desse forslaga: Dansk landbruksmuseum, Leire i Danmark, Djurgården, Nordiska Museet – Julita gård, Fredriksdal

## **BOGSTAD GÅRD**

Etter gruppearbeidet drog alle seminardeltakarane til Bogstad Gård i Sørkedalen. Her heldt Else Espeland føredrag om historia til herregarden (vedlegg 6) medan resten kosa seg med eit betre måltid. Etter lunsj viste Else Espeland og Birgitte Espeland oss rundt i bygningane, gardsanlegget og hagen (figur 3).

Den flotte dagen vart avslutta med festmiddag på Norsk Folkemuseums Gjestestuer



*Figur 3. Omvising med Birgitte og Else Espeland på Bogstad Gård.*

## FREDAG 12. juni

## KULTUR OG NATUR PÅ HOVEDØYA

Botanikar Kristina Bjureke og paleontolog Cecilie Webb frå Naturhistorisk Museum i Oslo delte på omvisninga på Hovedøya. På første stopp fekk me sjå *Saxifraga osloensis* på nært hold. På neste stopp fekk oppleve snakebitar av skuleopplegg om geologi, fossilar, alunskifer og danning av Oslofeltet (figur 4).



Figur 4. Cecilie Webb gir oss snakebitar av skuleopplegg om paleontologi og geologi på Hovedøya.

Kristina Bjureke viste oss forskingsfeltet der kampen mot forvilla hageplanter og svartelisteplanter blir forska på.

Omvisinga bydde på mange godbitar, bl. a. den fantastisk artsrike tørrenga med det beste Hovedøya kan by på av blomsterprakt (figur 5).



Figur 5. Kalkrik tørreng med bl.a. blodstorknebb, bakkeklover og knollmødurt.

Kristina viste også snakebitar frå skuleopplegg om biomangfald.

Diabas steinbrotet var ein naturleg stopp før kloster ruinane der bl.a. denne steinen vart brukt til muring.

Undervegs fekk me også innblikk i dei ulike vernekategoriane etter naturvernlova og kulturminnelova; landskapsvernområde, naturreservat, kulturmiljøfreding.

Ved klosterruinane fortalde Kirvel Stoltzenberg frå friluftsetaten i Oslo kommune om samarbeidet mellom ulike brukarar, forskarar og forvaltarar på Hovedøya.

Etter matøkta på kafeen var det omvising i klosterruinane der kultur og natur møtest på nært hold (figur 6).



Figur 6. Cecilie Webb har omvising i klosterruinane.

Etter ein kort vandring og orientering ved karpedammen, vart det tid for tradisjonell avslutning av den 8. samlinga i Kulturlandskapsnettverket. Leif Hauge og Liv Byrkjeland gav ei kort oppsummering av gruppearbeidet, og avslørte kva museum som får besøk av nettverket til neste år. Brynhild Viken Bremer frå Namdalsmuseet avslutta med å ønska oss velkommen til Nord-Trøndelag og MuseetMidt IKS i august 2010.